



Møre og Romsdal fylke



■ rundskriv nr. xx/10

Frå:	Til:
Utdanningsavdelinga	Vidaregåande skolar i Møre og Romsdal
Dato:	Ref:
03.06.2009	

PC- og læremiddelordninga skoleåret 2010/2011

Læremiddel

Elev-PC-ordning er vedteke av fylkestinget (T-36/07) og gjennomføringa av ordninga legg premissane for kva økonomisk ramme ein kan avsette til læremiddel og andre tiltak.

Lærebøker og andre trykte læremiddel

Ordninga med gratis lærebøker er no innført på alle trinn. Ein legg inn midlar til suppleringskjøp og utskifting med i alt 2 mill. kr. Denne ramma til kjøp av lærebøker og andre trykte læremiddel er fordelt etter elevtal for utdanningsprogramma innafor studiespesialisering og yrkesfag.

Ein har lagt til grunn elevtalet på Vg1 og Vg2 dette skoleåret for å rekne ut ein sats per elev til suppleringskjøp/utskifting av lærebøker:

Yrkesfagelevar: kr. 300

Studiespesialisering: kr. 405

Studiespesialisering omfattar studiespesialisering, idrettsfag, musikk, dans og drama og påbygging. Når inntaket er gjort kjem fordelinga i eige skriv til skolane.

Ein viser elles til kravet om språklege parallellutgåver i forskrifta, jf. og sak ud-2/09 til utdanningsutvalet om kravet til språklege parallellutgåver.

Når det gjeld kjøp av nye lærebøker gjeld framleis avtalen med BSNorli. Avtaleperioden vil gå ut 01.08.2010 og ein reknar med å ha ny avtale klår i midten av august.

Kvar skole skal sjølv sørge for planlegging og organisering av kjøp, mottak, registrering og utlån av lærebøker.

Digitale læremiddel

Avtalen med Aschehoug er prolongert slik at ein vil og ha tilgang til Lokus skoleåret 2010/2011. Gjennom importen fra Extens får alle elevar og lærarar tildelt nettstader på Lokus etter kva for fagkodar (GREP-kodar) skolen har registrert på kvar elev.

Kvar lærar og elev vil difor få tildelt dei mest aktuelle nettstadene automatisk, men skoleåret 2010/2011 får skolane i tillegg ein kostnadsfri tilgang til å velje andre Lokus-nettstader dersom ein legg opp til det i undervisninga, t.d. bruk av ressursar frå nettstadene for mediefag inn i norskundervisninga, eller for å utfordre elevar på yrkesfagleg studieretning med ressursar frå nettstader laga for studiespesialiserande kurs.

På www.ndla.no ligg fagressursane fritt tilgjengeleg.

Kunnskapsforlaget leverer digitale ordbøker og tenesten Ordnett pluss for skoleåret 2010/2011. Tenesten vil bli gjort tilgjengeleg som før på ungweb.no. Tenesten inneheld ordbøker i norsk, engelsk, tysk, fransk og spansk. Pakka inneheld og opsjonar som ein vil vurdere å ta i bruk.

Avtalen med Industriskolen vil bli prolongert. Nytt for neste skoleår er at Industriskolen og sel lærebok. Læreboka kan kombinerast med nettlisensen slik at bokkostnaden vert kr. 300. Læreboka må skolane finansiere sjølv. Den digitale læremiddelpakka for Vg1 TIP er samordna med NDLA sin fagnettside. Der finn ein mange praktiske arbeidsoppdrag og ein rekke nettressursar som gir utdjupande teori til undervisningsopplegget i Industriskolen sin digitale læremiddelpakke.

Abonnementet på Atekst held fram.

Ein vurderar løpande tilgjenge til digitale læringsressursar som ein på grunn av innkjøpsreglane må ha ein fylkesavtale på, i tillegg til læremiddel som det vil vere rekningsssvarande (volum) å ha ein fylkesavtale på. Elles må skolane sjølv vurdere betalbare læringsressursar på same måten som trykte læremiddel vært vurdert.

Frie digitale læremiddel finst på Internett, t.d. Wikipedia, Store Norske Leksikon, Skolenettet og elles all anna informasjon som finst på nettet som fagartiklar, faktastoff, statistikk, rapportar.

PC-ordning komande skoleår

Det er vedteke at datamaskinar skal nyttast som verkty i undervisninga i dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal. Alle elevar skal difor disponere eigen berbar PC.

Komande skoleår vil elevane kunne velje om dei vil ha ein berbar PC som fylket kjøper inn til dei eller få eit økonomisk tilskott for å kjøpe/bruke eigen PC, tilskottet blir kr. 2330 til utbetaling om lag 15.09. Det vert ikkje kravd betaling for bruk av eigen PC. Elevane må difor underteikne på at dei ikkje gjer bruk av fylket sitt tilbod og dermed sjølv sørgjer for service-/garantiordning. Tilskottet frå fylket vert utbetalt omkring 15.09.

Elevar som vel å nytte fylket sitt tilbod vil få utlevert PC-en på skolen ved skolestart. Dei elevane som vel å nytte tilbodet om skole-PC frå fylkeskommunen vil kvart skoleår bli fakturert for eit beløp avgrensa maksimalt til eleven sitt utstyrsstipend, jf. §19-6 i forskrift til opplæringslova. For skoleåret 2010/2011 vert eigendelen kr. 870. Eleven vil fritt disponere PC-en både i skole- og fritid innafor dei reglane som vert fastsett for bruk av skole-PC-en. Faktura vert sendt ut omkring 1. november. Etter tre år får eleven med seg PC-en. Sluttar eleven tidlegare vil han kunne kjøpe ut PC-en. Reglar for bruk av Skole-PC med utkjøpsordning, service og forsikringsvilkår vil bli utarbeidd og sendt skolane.

Skoleåret 2010/2011 har ein etter konkurranse valgt ADCom som leverandør. Fylkes-PCen neste skoleår vert ein ThinkPad Edge 13,3". Denne elev-PC-en vil ha ei yting som gjer at ein kan nytta dei digitale læringsressursane som fylket abonnerer på og vanlege fagapplikasjonar som ikkje treng avansert grafisk skjermbehandling. Ein har lagt vekt på at PC-en er robust, har god batterikapasitet og ei vekt som gjer at den blir grei å transportere. Nærare informasjon om PC-en vil bli lagt ut på ungweb.no.

Innafor **nokre få** fag og utdanningsprogram kan det vere behov for ein PC som kan behandle avanserte grafiske applikasjonar. Skolen må difor ha eigne (stasjonære eller berbare) PC-ar til slik bruk. Dersom elevar ønskjer å arbeide med slike program heime og i fritida må skolen sjølv gi råd om krav til høvelege berbare PC-ar. Ein føreset at skolane og legg ut slik informasjon tilgjengeleg på heimesidene sine. Dei elevane som sjølv skaffar seg maskiner for å kunne arbeide med slike grafiske applikasjonar får utbetalt tilskottet som nemnt ovanfor.

./.

Frist for registrering er sett til 16.07 for elevane, då er ein sikra levert PC ved skolestart. Førebels vil registreringsvindauget på ungweb.no bli halde ope til 30.07, då risikerer ein at elevane som registrerer seg etter 16.07 først får PC-en ei veke etter skolestart.

Det er sendt ut brev til alle søkjarane til Vg1, brevet er lagt ved.

Dei elevane som vel at fylket held dei med PC må underteikne avtale med fylket. Avtalen er lagt ved.

Ein vil kome attende til informasjon om distribusjon og tidsplan for PC-ordninga.

FEIDE-innlogging på ungweb.no

Formålet med FEIDE er at brukaren skal ha tilgang til ulike datatenester med ei innlogging. Nye brukarar - t.d. Vg1-elevar – vil bli tildelt brukarnamn og passord i samband med 2.gongs inntak, dvs rundt 10.08 når inntakslistene er overført til Extens og elevane er tildelt fag. Elevar som er tildelt brukarnamn og passord frå før, vil bli "kopla frå" FEIDE-tilgongen 1.07. Eleven vil bli aktivert igjen ved inntaket, dei elevane som ikkje vert aktivert i Extens innan 3 månader rekna frå 1.07 vil automatisk bli sletta. Ein vil kome attende med detaljert informasjon om aktivering av FEIDE-brukarar

Informasjon til elevane/føresette

- ./.
- Når det gjeld PC-ordninga vil fylkesutdanningssjefen sende brev til alle avgangselevane frå ungdomsskolen som har søkt vidaregåande opplæring. I tillegg vil ein legge ut informasjon og registreringsskjema på ungweb.no som i fjor. Vi vil halde skolane løpande oppdatert.

Det er og viktig at relevant informasjon og finst på skolane sine heimesider slik at elevar og føresette finn informasjon der. Ein må også bruke dei skriftlege rutinane skolane har for å informere Vg1-elevar elles (jf. rundskriv 15/08).

Med helsing

Per Hoem
fylkesutdanningsdirektør

Sverre Hollen
ass.fylkesutdanningssjef

Gjenpart:
Fylkesrådmannen
Fylkesordføraren
Lærarorganisasjonane
Utdanningsutvalet
Yrkesopplæringsnemnda